

Referat

Dato: 29.03.2019
Tid: 10:00 – 12:30
Referent: Eli M. Vik Næss

Sakshandsamar: Eli M. Vik Næss
Tlf sakshand 951 91 805
Vår dato: 11.11.2019

Styringsgruppa for Førdepakken

Møtenr:	1/2019
Stad:	Førde – Prosjektkontor Førdepakken
Møteleiar:	Svenn Egil Finden
Til stades:	Ole John Østenstad (OJØ), Tore Eriksen (TE) – deler av møtet, Svenn Egil Finden (SF), Vigdis Lobenz (VL), Erling Varlid (EV) og Eli M. Vik Næss (EMN)
Forfall:	Lise Mari Haugen (LMH), Tore Eriksen – deler av møtet
Kopi til:	

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
1/2019	<p>Referat frå sist møte – 13. november 2019</p> <p>Oppfølging av saker førre møte: <i>Hovudutval for samferdsle bør bli orientert om Førdepakken ved høve</i></p> <p>Status: Statens vegvesen har teke dette opp med fylkeskommunen. Dei vil bli minna på dette ved høve.</p> <p><i>13/2018 Viktig at det går fram av sakene om styringsgruppa har vedtaksmynde eller om det vert bedt om råd, eller berre til orientering</i></p> <p>Status: Vert følgt opp kontinuerleg.</p> <p><i>14/2018 El-bilar og fritak – vurdere innføring av bompengetakst for el-bilar</i></p> <p>Fylkeskommunen vil handsame saka når dei mottek dokument vedrørande saka. Sjå under Orientering i referatet.</p> <p>Status: Statens vegvesen bør vere litt på kommunane slik at fylkeskommunen får handsama saka i fylkestinget i junimøtet. Det ser ut som det berre er Flora kommune som ikkje har handsama saka.</p> <p><i>17/2018 Tiltak 13 vert mellombels utsett i tid for nærmare utgreiing. Skal leggjast fram for styringsgruppa på nytt</i></p>	EMN



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

	<p>Status: Sjå sak 2/2019</p> <p>17/2018 Tiltak 20 Vurderer om tiltaket eventuelt skal byggjast før andre prosjekt.</p> <p>Status: Sjå sak 2/2019</p> <p>Førdepakken bør vurdere å orientere på bystyremøtet om tiltak 13 og 20.</p> <p>Status: Dette er gjort og vart positivt motteke.</p>	
2/2019	<p>Statusrapport pr. februar – alle tiltak i Førdepakken (O)(V)</p> <p>Sjå vedlegg 1.</p> <p>Vedrørande Tiltak 13: Sjå notat av 23/3/19 Ikkje utset bygging av gangveg og undergang i Halbrendslia!</p> <p>Desse dokumenta låg ved møteinkallinga.</p> <p>Diskusjon:</p> <p><i>Tiltak 1 Angedalsvegen - Hafstad</i></p> <p>Vedtaket i bystyret, alternativ 2, inneber ein kostnadssprekk på 40 mill.kr. Det er gjort vedtak om det skal regulerast/byggast ei gangbru i tillegg.</p> <p>Kva gjer vi? Vi startar å regulere gangvegen samtidig. Når vi har oversikt over omfang og kompleksitet så tek vi det opp att i styringsgruppa. Bygging av gangbrua kan eventuelt vurderast innanfor 100 mill.kr-potten.</p> <p>Vedtaket i bystyret bør takast inn i rapporten.</p> <p><i>Tiltak 2 Fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg</i></p> <p>Vi startar bygginga sommaren 2020 som planlagt, sjølv om vi veit at Helse Førde jobbar med ein reguleringsplan for det nordre krysset som kan medføre mindre inngrep i det vi har bygd. Helse Førde si bygging av det nordre krysset vil venteleg ikkje verte gjort på fleire år enno.</p> <p><i>Tiltak 6/7 Askvollkrysset</i></p> <p>Bør vi markere opning av anlegget? Kommunen ønskjer ei enkel markering f.eks andre veka i juni initiert av Statens vegvesen i samsvar med gjeldande rutine.</p> <p><i>Tiltak 8, gang- og sykkelbru Naustøyna - Storehagen</i></p> <p>Parallelkonkurranse som bl.a. fastset utforming av bruа. Vi regulerer i forhold til det. Blir først lagt fram for Førde kommune og deretter handsamast av styringsgruppa.</p>	EV
		EV
		EV

	<p><i>Tiltak 9 Fv. 484 Storehagen - Angedalsvegen, vegutbetring inkl. gs-tiltak</i> Har valt å utsette denne i tid og heller prioritere tiltak 1. Viktig å avklare kven som skal ha siste ordet når det gjeld kollektivtraseen.</p> <p><i>Tiltak 12, kommunal veg Indre Øyrane - Langebruvegen inkl. g/s-veg</i> Har tidlegare tenkt å lyse ut saman med tiltak 17 Klettatunnelen. Ønskjer no å utføre i lag med tiltak 13. Styringsgruppa har ikkje merknader til det.</p> <p><i>Tiltak 13 E39 GS-veg Halbrend skule - Hogane</i> Vi har motteke brev frå oppsitjarane av 23/3/2019 som var sendt til styringsgruppa før møtet. Vi har stor forståing for at det er synd å stoppe prosjektet, og vil svare oppsittarane om kva som skjer vidare i arbeidet og når vi kan kome i gang. Politikarane i Førde bystyre er opptekne av at heile prosjektet vert bygt.</p> <p>Styringsgruppa er samd i tilrådinga frå prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Tiltak 13 vert utført saman med tiltak 12 som ein entreprise b) Dei første hundre metrane av tiltak 13 – profil 0–100 vert kutta <p><i>Tiltak 17, gang- og sykkeltunnel i Kletten</i> Prosjektet tilrarå å flytte påhogget pga. at geologiske forhold vil gje større vanskar med HMS og trafikkavvikling. Dette krev ei omregulering, noko som er beklageleg. Det vil gje utsetjing i tid på nær eitt år. Styringsgruppa sluttar seg til at påhogget vert flytta.</p> <p><i>Tiltak 20, Fv. 609 Halbrendsøyran - Øyrane, ny veg inkl. gs-tiltak m/bru over Jølstra</i> Kan tiltaket byggjast utan å øydeleggje for mykje av tilkomst, parkeringsplassar med meir på Halbrendsøyra? Det har vore ein positiv prosess så langt, så svaret er ja. Bør tiltaket flyttast høgare opp på prioriteringslista? Dette vert ikkje avgjort enno. Skisseprosjektet syner at kostnaden truleg vert 205 mill.kr. På budsjett 127 mill.kr (2019-kr). Det bør greiast ut om vi skal regulere tiltak 20 sjølv om den vert stående som nr. 20 på prioriteringslista.</p>	
--	--	--

3/2019	<p>Fordeling av kostnadar med felles grøft (V)</p> <p>Sjå vedlegg 2</p> <p>Dokumentet låg ved møteinkallinga.</p> <p>Diskusjon: Kommunen vil betale viss det er reell standardheving. Må sjå på anlegg for anlegg. Kommunen er imot det som står om rundskriv 90/10 frå Vegdirektoratet. Difor ønskjer ikkje kommunen å skrive under intensjonsavtalen.</p> <p>Konklusjon: Dersom punktet om rundskriv 90/10 vert teke ut og erstatta med reell standardheving så vil kommunen skrive under. SVV vil sjekke det juridiske rundt dette.</p>	EV
4/2019	<p>Rekneskap 2018, orientering (O)</p> <p>Diskusjon: Prognose for sluttkostnad for alle tiltaka samla ligg over ramma for Førdepakken. For tidleg enno å vurdere ei eventuell utviding av ramma, eller vurdere å kutte prosjekt. Dette fordi for få prosjekt har starta enno.</p>	
5/2019	<p>Trafikk og inntekt – Førdepakken (O)</p> <p>Sjå vedlegg</p> <p>Dokumentet låg ved møteinkallinga.</p> <p>Diskusjon: Trafikktala (ÅDT) både for 2017 og 2018 ligg ca. 2000 passeringar pr.mnd. høgare enn kva det vart budsjettet med då ein søkte Stortinget om godkjenning.</p> <p>Trafikken har minka litt frå 2017 – 18 men ikkje avgjerande. Derimot ligg gjennomsnittstaksten vesentleg under det budsjetterte, kr.14,78 mot 20,20. Det skuldast i hovudsak fritakspasseringane (max. 30 pr. månad og timesregelen).</p>	
6/2019	<p>Fullmaktsdokument Førdepakken (V)</p> <p>Sjå vedlegg</p> <p>Dokumentet låg ved møteinkallinga.</p> <p>Diskusjon:</p> <p>Punkt 6. Endre frå SVV Region vest til Statens vegvesen</p> <p>Punkt 9. Bør handsamast politisk i kommunen og fylkeskommunen før styringsgruppa tek beslutning.</p>	

	Bør ta inn eit punkt kva fullmakter som gjeld dersom det er ønskje å auke bompengesiddraget utover ramma til Førdepakken.	EV/KTB
7/2019	<p>Regionreform og Framtidas Statens vegvesen (O) Verknader for Førdepakken</p> <p>Diskusjon: Førdepakken er foreslått blir lagt til Statens vegvesen i ny organisasjon. Uklart enno korleis avgjørda skal gjerast, politisk eller administrativt. Gjeld alle bompengepakkar.</p> <p>Styringsgruppa bør handsame dette som ei vedtaksak.</p> <p>I tilrådinga frå arbeidsgruppe står det m.a. vedrørende Førdepakken: «Vi tilrår at SVV utfører byggherreoppgåvene sidan det er tiltak både på riks-, fylkes- og kommunalt vegnett og sidan prosjektet er godt etablert og fleire kontraktar er inngått som omfattar fleire vegtypar. Denne løysinga er diskutert både i styringsgruppa i Vestland fylkeskommune, med leiinga i Førde kommune og med prosjektet, utan at nokon har hatt sterke meininger om val av løysing knytt til organisering. Med ei slik løysing er det naturleg at Statens vegvesen også føl opp den finansielle delen av pakken og førebud saker for koordineringsgruppa.»</p> <p>Denne formuleringa vart ikkje lest opp på styringsmøtet, men er teke inn i referatet fordi det var ønskje om det.</p>	SF
8/2019	<p>YMSE</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Informasjonsbehov Førdepakken</i> <p>Det kom opp i bystyremøtet at det er eit informasjonsbehov om Førdepakken. Statens vegvesen ønskjer å bidra, og det har vi allereie gjort. I andre bompengepakkar så bidrege både kommunane og fylkeskommunane i samarbeid med eigne ressursar.</p> <p>Førde kommune ønskjer å bidra i dette arbeidet. Korleis bør det finnast ut av.</p> <p>Fylkeskommunen og Statens vegvesen ønskjer ikkje å bidra økonomisk utover det dei har lagt inn i Førdepakken.</p> <p>Konklusjon: Førde kommune bør vurdere behovet og korleis dei vil bidra. Førdepakken hadde kr.159.000,- og 69.000,- i utgifter med kommunikasjonsstaben for høvesvis 2017 og 2018, viss Førde kommune meiner det bør gjerast meir informasjonsarbeid må kommunen også betale for dette.</p>	OJØ

	<ul style="list-style-type: none">• <i>Neste styringsmøte</i> Juni – etter fylkestinget – seinast veke 25	EMN
--	---	-----

Oppfølgingssaker styringsgruppa Førdepakken

Sak nr.	Omtale	Ansvarleg	Frist
1/2019	<p><i>Hovudutval for samferdsle bør bli orientert om Førdepakken ved høve</i></p> <p>Status: Statens vegvesen har teke dette opp med fylkeskommunen. Dei vil bli minne på dette ved høve.</p>	EMN	Snarast
1/2019	<p><i>14/2018 El-bilar og fritak - vurdere innføring av bompengeretakst for el-bilar</i></p> <p>Fylkeskommunen vil handsame saka når dei mottek dokument vedrørande saka. Sjå under Orientering i referatet.</p> <p>Status: Statens vegvesen bør vere litt på kommunane slik at fylkeskommunen får handsama saka i fylkestinget i junimøtet. Det ser ut som det berre er Flora kommune som ikkje har handsama saka.</p>	KTB	Snarast
2/2019	<p><i>Tiltak 1 Angedalsvegen - Hafstad</i></p> <p>Vedtaket i bystyret, alternativ 2, inneber ein kostnadssprekk på 40 mill.kr. Det er gjort vedtak om det skal regulerast/byggast ei gangbru i tillegg.</p> <p>Kva gjer vi? Vi startar å regulere gangvegen samtidig. Når vi har oversikt over omfang og kompleksitet så tek vi det opp att i styringsgruppa. Bygging av gangbrua kan eventuelt vurderast innanfor 100 mill.kr-potten.</p> <p>Kommunestyrevedtaket bør takast inn i statusrapporten.</p>	EV	
2/2019	<p><i>Tiltak 6/7 Askvollkrysset</i></p> <p>Bør vi markere opning av anlegget? Kommunen ønskjer ei enkel markering f.eks andre veka i juni initiert av Statens vegvesen i samsvar med gjeldande rutine.</p>	EV	
3/2019	<p>Fordeling av kostnadar med felles grøft (V)</p> <p>Konklusjon: Dersom punktet om rundskriv 90/10 vert teke ut og erstatta med standardheving så vil kommunen skrive under. SVV vil sjekke det juridiske rundt dette.</p>	EV	
6/2019	<p>Fullmaktsdokument Førdepakken (V)</p> <p>Punkt 6. Endre frå SVV Region vest til Statens vegvesen</p>	EV/KTB	



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

	Punkt 9. Bør handsamast politisk i kommunen og fylkeskommunen før styringsgruppa tek beslutning. Bør ta inn eit punkt kva fullmakter som gjeld dersom det er ønskje å auke bompengesiddraget utover ramma til Førdepakken.		
7/2019	Diskusjon: Førdepakken er foreslått blir lagt til Statens vegvesen i ny organisasjon. Uklart enno korleis avgjerdene skal gjerast, politisk eller administrativt. Gjeld alle bompengepakkene. Styringsgruppa bør handsame dette som ei vedtakssak.	SF	
8/2019	Ymse Informasjonsbehov Førdepakken Konklusjon: Førde kommune bør vurdere behovet og korleis dei vil bidra.	OJØ	